

Gnr/bnr	Skogareal				Jordbruksareal			Anna areal	Sum
	Imped.	Middels	Høg	Særs høg	Fulldyrka	Overflate- dyrka	Innmarks- beite		
126/9	3,98		9,68	4,65	19,95			60,62	98,87
126/13			0,09				0,32		0,41
126/21			0,03						0,03
126/48			0,19		0,02				0,21
126/49			0,28			0,02			0,30
126/55								0,08	0,08
126/68			0,20						0,20
126/69			0,26						0,26
126/70			0,25						0,25
126/71			0,27						0,27
126/74			0,19		0,01	1,15			1,36
126/77	2,74							1,39	4,13
126/92			0,03		0,04	0,16		0,31	0,54
Sum	15,00	1,27	102,60	66,80	56,85	19,63	17,36	141,01	420,52

FEBRUAR 2017
STATENS VEGVESEN

FV 57 LINDÅS - MONGSTAD

REGULERINGSPLAN

FAGRAPPORT: KULTURMILJØ



Foto: Atle Jenssen, Statens vegvesen

DOKUMENTINFORMASJON	
Rapporttittel:	Fv 57 Lindås - Mongstad, reguleringsplan Fagrapport: Kulturmiljø
Dato:	01.02.2017
Versjon	1
Filnamn:	Fv 57 Lindås – Mongstad_Fagrapport Kulturmiljø_01022017
Tiltakshavar:	Statens Vegvesen Region Vest
Planmynde:	Lindås kommune
Utarbeidd av:	Atle Jenssen, arkeolog
Sidemannskontroll:	Tine Eikehaug, etnolog
Godkjent av:	

Framsida: Kulturlandskap på Hope (Foto: Atle Jenssen, Statens vegvesen).

INNHALD

FØREORD	7
1 Samandrag	9
2 Bakgrunn	11
2.1 Bakgrunn for reguleringsplanen	11
2.2 Innhald og avgrensing av fagtema	12
3 Definisjonar og datagrunnlag	13
3.1 Kjeldegrunnlag	13
3.2 Feltarbeid / synfaring	13
3.3 Kartfesting og nummerering	13
3.4 Definisjonar	14
3.5 Potensialvurdering	14
3.6 Avbøtande og kompensierende tiltak	15
3.7 Miljøoppfølging og før-/etterundersøkingar	15
4 Skildring av kulturmiljø	16
4.1 Lindås prestegard (gnr. 108)	16
4.2 Tjukketla (gnr. 118)	20
4.3 Rossnes (gnr. 117)	24
4.4 Lauvås (gnr. 116)	28
4.5 Knarrevik (Knarvik) (gnr. 121)	32
4.6 Hellestveit (gnr. 122)	36
4.7 Hope (gnr. 126)	40
4.8 Samla vurdering	43
5 Avbøtande tiltak	45
5.1 Avbøtande tiltak i anleggsperioden	45
5.2 Avbøtande tiltak i permanent situasjon	45
6 Supplerande undersøkingar	46
6.1 Usikkerheit	46
6.2 Kulturhistoriske registreringar	46
7 Kjelder	47
7.1 Litteratur	47
7.2 Nettstader	47
7.3 Informantar	48

FØREORD

Denne deltemarapporten er utarbeidd som ein del av arbeidet med reguleringsplan for utbetring av Fv. 57 med G/S-anlegg på strekninga Lindås – Mongstad i Lindås kommune. Rapporten er meint å gi ein oversikt over kulturminne og kulturlandskap i og attmed planområdet, og er ikkje å oppfatte som ein konsekvensutgreiing.

Fagansvarleg for deltema kulturmiljø har vore arkeolog Atle Jenssen. Fagkontroll har vore gjennomført av etnolog Tine Eikehaug.

Februar 2017
Bergen

1 Samandrag

Hovudmålsettinga for prosjektet er å få vedtatt reguleringsplan for utbetring av Fv. 57 og etablering av nytt gang- og sykkelanlegg på strekninga mellom Lindås tettstad og grensa til Austrheim.

Fylkesveg 57, mellom tettstaden Lindås i sør og grensa mot Austrheim kommune i nord, går gjennom sju matrikelgardar i eit typisk nordhordlandsk kystlandskap, vekslande mellom oppdyrka innmarksområde og utmark. Fleire av gardstuna ligg tett i fylkesvegen, og er sterkt påverka av denne.

Innanfor planområdet er det berre registrert eitt automatisk freda kulturminne (mellomalderkyrkjegarden på Lindås), og kulturminna består i hovudsak av nyare tids gardsbygningar frå 1800- og 1900-talet. Somme av dei er SEFRAK-registrert. Elles er det store førekomstar av ope og velhalde kulturlandskap, med bevarte steingardar, utløer, bakkemurar, i tillegg til restar av eldre vegfar.

Følgjande kulturmiljø er nærmare skildra i rapporten:

Lindås prestegard (gnr. 108)

Innanfor den delen av planområdet som ligg på Lindås prestegard sin eigedom er det berre kjent eit fåtal kulturminne. Her er eit SEFRAK-registrert våningshus, ein jordkjellar og ein ruin av ei løe. Jordkjellaren er ein imponerende bygning, men ligg i dag delvis ute av sin opphavlege kontekst, då han er omkransa av vegar på tre sider. Det er likevel eit viktig lokalhistorisk kulturminne, som må takast vare på.

Elles ligg sikringssona til den automatisk freda mellomalderkyrkjegarden Askeladden ID 84309 like innanfor plangrensa. Mot nord og aust er det bevart gamal kyrkjegardmur i tillegg til ein oppmuring. Alderen på denne delen av kyrkjegardsmuren er uviss, men truleg eldre enn resten av muren som går rundt kyrkja, og kanskje frå mellomalder.

Tjukketla (gnr. 118)

Tjukketla er eit meir eller mindre intakt og uforstyrta gardsmiljø, kor mykje av den gamle gardsstrukturen er bevart. Det einaste forstyrrende elementet i kulturmiljøet, er fylkesvegen som delar garden frå sør til nord. Fleire av dei eldre gardsbygningane er bevart, i tillegg til at dei meir moderne bygningane er bygd på ein slik måte at dei i liten grad bryt med den eldre byggjeskikken.

Langs grensene mellom bruka er mange av dei gamle bøgardane bevart, og somme stader finn ein òg restar av enno eldre steingardar. Desse er truleg frå før utskiftinga, då dei ikkje føl moderne grenser.

Rossnes (gnr. 117)

Innanfor delstrekninga på Rossnes er det ingen automatisk freda kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygningar. Derimot er her store område med kulturlandskap, med einskilde bevarte steingardar og bakkemurar. Om ein ser bort i frå fylkesvegen som går gjennom garden, er området lite påverka av moderne aktivitet. Det gamle gardsmiljøet er framleis meir eller mindre intakt.

Lauvås (gnr. 116)

Det er bevart fleire nyare tids kulturminne på Lauvås, som eldre gardsbygningar og steingardar. Dagens fylkesveg går gjennom innmarka til Lauvås, og ligg for det meste tett opptil tunområda på garden.

Knarrevik (Knarvik) (gnr. 121)

På Knarrevik er det bevart store område av kulturlandskap og ein del av den eldre bygningsmassen. Somme av desse bygningane er SEFRAK-registrerte, men ikkje alle.

Hellestveit (gnr. 122)

Eigedomen til Hellestveit er relativ liten, men her er likevel fleire bevarte kulturminne etter eldre tiders gardsdrift. Her er bevart eldre gardsbygningar både på bruk nr. 1 og nr. 2, i tillegg til at det er ruinar etter slike fleire stader. I tillegg finst det òg oppmura steinbygningar, steingardar og eit gammalt vegfar.

Kulturminna er viktige for heilskapen og identiteten til garden, og er viktige å ta vare på. I området er det til dømes laga tursti/kultursti, med informasjonsskilt ved den gamle gardsvegen nemnt ovanfor.

Hope (gnr. 126)

Kulturmiljøet på Hope inneheld mange kulturminne frå både førhistorisk og nyare tid, i tillegg til at her er store område med ope kulturlandskap, både beiteland og slåttemark. Sett under eitt for heile garden, er dette eit kulturmiljø med stor tidsdjupne. Her er fleire gravminne og ein bautastein frå førhistorisk tid, og her er mange synlege spor etter gardsdrift frå historisk tid.

Området er forstyrta av fylkesvegen som går igjennom kulturmiljøet, i tillegg til av einskilde moderne bygningar. Det er elles eit av dei meir intakte og mest autentiske kulturmiljøa i planområdet.

Som er vanleg på Vestlandet, er gardane relativt små og tunområda komprimerte. Dette gjeld særskilt på Rossnes (gnr. 117) og Lauvås (gnr. 116), med sjø og vatn på to sider, og fylkesvegen som går tvers gjennom områda. Til dels kan ein sjå det same på Hope (gnr. 126), men her ligg gardsbruka litt meir spreitt. Sjølv mindre tiltak på fylkesvegen vil difor ha stor innverknad på kulturminne og kulturmiljø i desse områda.

Det vil vere viktig å minimere fysiske inngrep i dei kulturminna som ligg attmed fylkesvegen, då spesielt ståande bygningar, men òg steingardar og liknande. Primært bør ein freiste å leggje nye tiltak vekk frå slike kulturminne. Skulle det likevel vere umogleg å unngå direkte konflikt med desse kulturminna, må ein vurdere forskjellige avbøtande tiltak, som til dømes flytting av enkeltobjekt.


2 Bakgrunn

2.1 Bakgrunn for reguleringsplanen

Hovudmålsettinga for prosjektet er å få vedtatt reguleringsplan for utbetring av Fv. 57 og etablering av nytt gang- og sykkelanlegg på strekninga mellom Lindås tettstad og grensa til Austrheim.

Strekninga er på om lag 11,5 km, og har relativt høg trafikkbelastning med ein ÅDT på i underkant av 4000 ved Lindås og like i overkant av ÅDT 3000 ved Austrheim grense i år 2012.

Fv. 57 mellom Lindås og Austrheim grense/avkjøring til Mongstad har noko varierende standard med ein bredde som varierer frå 6,8 meter til 8 meter. Vegen har ein asfaltert skulder på om lag 30 centimeter, og utanfor denne er det ein ikkje-asfaltert skulder av varierende bredde. Store deler av dagens veg har en bredde på under 7,5 meter. Det manglar tilbod for gåande og syklande på heile strekninga.



Figur 1. Oversiktskart over planområdet. Dei sentrale matrikelgardane langs strekninga er markert.

2.1.1 Effektmål

Effektmåla er:

- Vegstandard på Fv. 57 etter krav til utforming gitt i handbok N100.
- Tilfredsstillande tilbod for gåande og syklande på strekninga.
- Utbetring av kryss og avkøyrlesanering på strekninga.
- Bidra til å auke sykkelandelen til 8 % etter målsetting frå NTP.

2.1.2 Resultatmål

- Resultatmålet er ferdig godkjent reguleringsplan for strekninga.

2.2 Innhald og avgrensing av fagtema

Lindås kommune, som ansvarleg planmynde, har vurdert at reguleringsplanen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing. Statens vegvesen har likevel vurdert det som naudsynt med en kvalitativ vurdering av verknadene planen kan ha for miljø og samfunn.

Føremålet med fagrapporten har vært å lage ein oversikt over dei kulturminna og dei førekomstane av kulturlandskap som finst innanfor planområdet, og å vurdere kva verknader tiltaket kan medføre både i anleggsfasen og driftsfasen på desse. Det vil òg verte gitt forslag om avbøtande tiltak.

Det må understrekast at rapporten ikkje er ei konsekvensutgreiing eller forenkla konsekvensvurdering etter handbok V712, men ein gjennomgang og skildring av dei kulturminna og det kulturlandskapet som ligg i planområdet, og som kan verte råka av tiltaket.

3 Definisjonar og datagrunnlag

3.1 Kjeldegrunnlag

Informasjon om dei automatisk freda kulturminna innanfor plan- og influensområdet er henta frå fleire kjelder. Den viktigaste har vore Askeladden, Riksantikvarens database over kulturminne.

Forskjellige bøker, som fagbøker, bygdebøker og lokalhistoriske tekster, i tillegg til data frå topografisk arkiv ved Universitetsmuseet i Bergen har vore gjennomgått.

For nyare tids bygningar, har SEFRAK-registeret vore nytta (SEFRAK = SEkretariatet For Registrering Av faste Kulturminner). SEFRAK-registeret inneheld i hovudsak informasjon om bygningar (og rester etter bygningar) som er eldre enn hundre år, men også ein del bygningar som er yngre enn dette er SEFRAK-registrert. Ein del kommunar valde å setje grensa for registrering eit stykke inn på 1900-talet for å fange opp viktige lokale bygningshistoriske tidsskilje. SEFRAK-registeret er tilgjengelig frå fylkeskommunen i tillegg til dei einskilde kommunane, og finst òg mellom anna i databasen Askeladden og via nettportalen Miljostatus.no. Det er viktig å være klar over at registeret for fleire kommunar er ufullstendig.

For mange område inneheld ikkje Askeladden informasjon om lausfunn av førhistoriske gjenstandar eller om fjerna kulturminne. Slike data har difor vorte henta frå Per Fett sin oversikt over kulturminne på Vestlandet (http://www.dokpro.uio.no/arkeologi/fett/fett_ramme.html) og frå universitetsmuseas nettportal for dei arkeologiske samlingane (<http://www.unimus.no/arkeologi/>). Slik informasjon om lausfunn og fjerna førhistoriske kulturminne frå eit delområde er særskilt viktig i samband med potensialvurderinga, men gir òg ein ytterlegare kulturhistorisk dimensjon til eit område.

3.2 Feltarbeid / synfaring

Det vart gjennomført ei synfaring i planområdet 23.01.17 for å kartleggje og vurdere førekomstane av kulturminne og kulturlandskap i og like attmed planområdet. Dokumentasjon av kulturminne og kulturlandskap vart gjort både skriftleg og med fotografi. Kartfestinga av einskilde objekt er gjort manuelt, basert på eigne observasjonar i felt, på eldre ØK-kart og andre kart, i tillegg til ortofoto.

3.3 Kartfesting og nummerering

Dei einskilde delområda (kulturmiljøa) er vist på eige detaljkart/registreringskart. På desse detaljkarta vert dei førhistoriske og nyare tids kulturminna vist, saman med så nøyaktig som mogleg kartfesting av fjerna førhistoriske kulturminne og lausfunn. Også kulturminne registrert i samband med dette prosjektet vert vist på desse karta. SEFRAK-registrerte objekt er vist på kartet med ▲ for «meldepliktige bygningar», jf. kulturminnelova § 25, med ▲ for «andre SEFRAK-registrerte bygningar», og med ▲ for «ruiner eller fjerna objekt».

Automatisk freda kulturminne er gitt nemninga «Askeladden ID» eller berre «ID» saman med det unike identitetsnummeret det har i databasen Askeladden.

Førhistoriske gjenstandar (fornfunn/lausfunn) er gitt eit museumsnummer om det finst i magasinet til eit av landsdelsmusea i Noreg. Planområdet ligg innanfor museumsdistriktet til Universitetsmuseet i Bergen, og gjenstandar herifrå har prefikset «B» med løpenummer bak.

3.4 Definisjonar

Kulturminne er i Lov om kulturminner av 1978, nr. 50 (kulturminnelova) definert som «alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til», jf. kulturminnelova § 2, fyrste ledd. Kulturminne omfattar førreformatoriske kulturminne (frå før 1537), marine kulturminne og nyare tids kulturminne.

Førreformatoriske kulturminne omfattar kulturminne frå førhistorisk tid og mellomalder, og vert gjerne nemnt **arkeologiske kulturminne**. Ein skil vidare mellom **faste** og **lause** arkeologiske kulturminne. Faste arkeologiske kulturminne, eller fornminne, er til dømes *buplassar, gravhaugar/røyser, kokegroper, stolpehol, holar, hellerar, bergkunst, forsvarsverk* og så bortetter. Lause arkeologiske kulturminne, eller fornfunn, er gjenstandar som er tilfeldig funne eller som har framkomme gjennom ei arkeologisk undersøking.

Alle faste arkeologiske kulturminner, kjende og ukjende, frå tida før reformasjonen i 1537, samiske kulturminne eldre enn 100 år og alle erklærte ståande bygningar eldre enn år 1650, er rekna som **automatisk freda**. Innanfor norsk lovgiving og forvaltning har i dag omgrepet *automatisk freda kulturminne* i stor grad erstatta omgrepa førreformatoriske kulturminne eller fornminne.

Med til eit automatisk freda kulturminne høyrer ein **sikringssone** rundt den synlege eller kjende ytterkanten til kulturminnet, så langt det er nødvendig for å verne det mot ulike tiltak. Området vert fastsett særskilt av vedkommande myndighet etter loven. Så lenge eit verneområde ikkje er særskilt avgrensa, omfattar det eit fem meter breitt belte rekna frå den synlege ytterkanten til kulturminnet.

Nyare tids kulturminne er kulturminne frå tida etter reformasjonen i 1537. Slike kulturminne er i utgangspunktet ikkje freda, men kan verte freda av Riksantikvaren etter kulturminnelova gjennom *vedtaksfreding*. Vidare kan nyare tids kulturminne verte freda av Miljødepartementet etter *forskriftsfreding*. Forskriftsfreding vert brukt i samband med landsverneplanar. I tillegg kan nyare tids kulturminne òg verte gitt eit vern ved at dei regulerast som del av ein omsynssone etter plan- og bygningsloven. I kulturminnelova er ikkje-freda bygningar og anlegg frå før 1850 gitt eit vern etter § 25, gjennom *meldeplikt* i høve til planar om riving eller vesentlege endringar. Lova gir òg tilgang til å verne fleire andre kulturminnekategoriar frå nyare tid, som til dømes kyrkjer, mynter og skipsfunn.

Kulturlandskap er alt landskap som er påverka av menneske. Nemninga vert nytta når det fokuserast på den menneskelege påverknaden av landskapet, og særleg ofte om jordbrukslandskap. Miljødirektoratet skil mellom to type kulturlandskap: *haustingslandskapet* i utmarka og *dyrkingslandskapet* på innmarka.

Kulturmiljø er eit område kor kulturminne inngår som ein del av ein større heilskap eller samband. Ved avgrensing av kulturmiljø må det påvisast i kva heilskap eller samband kulturminna inngår.

3.5 Potensialvurdering

Potensialet for funn av automatisk freda kulturminne vert diskutert i samband med dei einskilde skildringane av delområda (kulturmiljøa). Potensialvurderingane byggjer på topografien til undersøkingsområdet, typen av jordsmonn ein finn her, høgda over havet, tidlegare funn av førhistoriske gjenstandar, samt førekomstar av fornminne (eksisterande og fjerna).

Det er berre område som kan komme til å verte direkte råka av tiltaket som har vorte potensialvurdert.

3.6 Avbøtande og kompensierende tiltak

Avbøtande tiltak er tiltak (tilpassingar/endringar) som ikkje ligg inne i kostnadane og som kan bidra til å minimere eller redusere negative verknadar av tiltaket (i anleggsfasen eller når tiltaket er ferdig).

Avbøtande tiltak kan til dømes vere bygging av tunnel eller kulvert, støyskjerming, overdekking av kulturminne, dokumentasjon/demontering/flytting (noko som ikkje vert rekna som ekte avbøtande tiltak, ettersom kulturminna vert øydelagt eller forringa), prosjektjusteringar på overordna nivå, spesifikke tiltak på detaljnivå, tiltak mot drenering/erosjon/settingar/vibrasjon, merking av kulturminne eller å fjerne/flytte delar av tiltaket (Riksantikvaren 2003).

Kompensierende tiltak kan verte foreslått for å kompensere for dei negative konsekvensane (Statens vegvesen 2014b:133). Kompensasjon skal her forståast som *fysisk å erstatte viktige funksjonar i eit område som går tapt ved nedbygging*, og ikkje som *økonomisk kompensasjon til grunneigarar*.

3.7 Miljøoppfølging og før-/etterundersøkingar

Etter Statens vegvesen si handbok R760 om prosjektstyring, skal det for eit kvart vegprosjekt utarbeidast ein plan for ytre miljø (ein såkalla «YM-plan»). YM-planen skal vere eit systematisk verkty som sikrar at eventuelle avbøtande tiltak, krav og andre føringar som er vedteke i reguleringsplanen eller på annan måte i prosjektet, vert vidareført gjennom prosjekterings- og byggjefasen, og vidare i driftsfasen (Statens vegvesen 2014a:133).

Miljøoppfølging kan vere oppfølgjande undersøkingar med sikte på å overvake korleis tiltaket verkar inn på kulturminne og kulturmiljø i anleggs- og driftsperioden. Om anleggsarbeid skjer i nærleiken av sårbare kulturminne, kan det vere behov for å overvake korleis dei toler dette. Det kan òg vere aktuelt med målingar for å undersøke eventuelle settingsskadar på bygningar eller drenering av kulturlag etter at eit anlegg står ferdig.

Behovet for forundersøkingar og etterundersøkingar vert diskutert i kapittel 6, på bakgrunn av potensialvurderingane som er gjort for det einskilde delområde.

4 Skildring av kulturmiljø

Følgjande presentasjon av kulturminne og kulturlandskap på strekninga mellom Lindås prestegard og Hope (Mongstad) går frå sør til nord, og er delt inn i underkapittel for kvart einskild kulturmiljø (matrikkelgard) langs strekninga. Kulturmiljøa vert skildra, men ikkje verdisett.

4.1 Lindås prestegard (gnr. 108)

Prestegarden ligg i den midtre delen av Lindås sokn med Tjukketla og Kolås i nord, Saltneset i vest, Holmås og Haukås i aust, og Lindåsen og Spjeldnessundet i sør (Skogseth 2008). Hovudkyrkja i Lindås ligg her, og både soknet, prestegjeldet og skipreida, og seinare også kommunen har fått namn etter kyrkjestaden.

Forstavinga i gardsnamnet kjem av trenamnet *lind*, dvs. at det veks lind her. Den eldste skriftlege kjelda for namnet er eit diplom frå 1315. Mykje av jordegodset låg tidlegare til kyrkja, og ein reknar med at om lag 44% av alt jordegods høyrte til kyrkja ved reformasjonen i 1536.

Arkeologiske kulturminne

Det er fleire automatisk freda kulturminne på garden, mellom anna fleire førhistoriske *gravminne*, men ingen av desse ligg innanfor planområdet (bortsett frå mellomalderkyrkjegarden nemnt nedanfor).

Av lausfunn frå Lindås er det registrert ein *leirkrukke* frå eldre jernalder 1,5 m djupt i myr, truleg i tufta til Kalvetræ meieri (no bruk nr. 33) (B7432). Dessutan har det vore funne ein *smedsaks* tett ved ei urd oppe på ei brekke ovanfor myra kor B7432 vart funne (B7433). Også eit mogleg *spinnehjul* har vore funne på garden, men dette vart aldri tatt inn til Bergen museum og katalogisert.


Potensialvurdering

Innanfor plangrensene er funnpotensialet på gnr. 108 vurdert å vere lågt.

Nyare tids kulturminne

Like sør-sørvest for planområdet, og delvis innanfor dette, ligg *Lindås kyrkjestad* (Askeladden ID 84309). Noverande kyrkje vart bygd i 1865, medan mellomalderkyrkja, som var i stein, truleg var bygd på 1100-talet. Steinkyrkja kyrkja vart ståande heilt til noverande kyrkje var reist, og stod nokre meter aust for denne. Mellomalderkyrkjas sørvestre hjørne er observert «ved prost Hvedings grav», som ligg 10 meter frå noverande kyrkje. Mellomalderens gravplass låg nord, aust og sør for steinkyrkja, og er framleis delvis avgrensa av ein kraftig steingard. Denne gravplassen er automatisk freda og har ei sikringssone på fem meter rundt. Sikringssona ligg delvis innanfor planområdet. Etter kyrkjelova § 21 er biskopane gitt fullmakt til å godkjenne ombygging og utviding av kyrkjer, og til å tillate bygging (iltak) nærmare enn 60 meter frå kyrkjene i spreiddbygd område.

På gnr. 108/64 er det to SEFRAK-registrerte bygningar; eit *bustadhus* frå siste del av 1600-talet (og difor ikkje automatisk freda), i tillegg til ein *tuft av eit fjøs*. Sistnemnde skal liggje like sør for fylkesvegen, men det er uvisst om det er noko att av denne.



Figur 2. Kart som viser den delen av planområdet som ligg på Lindås prestegard (gnr. 108).



Figur 3. Del av muren rundt mellomalder-kyrkjegarden på Lindås. Lindås kyrkje i bakgrunnen (Foto: Atle Jenssen, Statens vegvesen).



Figur 4. SEFRAK-registrert potetkjellar på Lindås (Foto: Atle Jenssen, Statens vegvesen).

På gnr. 108/380 er det ein SEFRAK-registrert *jordkjellar* (kartfesta feil i SEFRAK). Alderen er uviss, men er markert som meldepliktig etter kulturminnelova § 25 i SEFRAK-registeret.

Sjølve *prestegarden* (gnr. 108/1) ligg søraust for kyrkja, men utanfor planområdet.

Kulturlandskapet

Eigedomen til Lindås prestegard er mykje nedbygd, og her er lite att av eldre kulturlandskap. Eit område aust og søraust for Lindås senter er bevart, men dette ligg utanfor planområdet.

Kulturminnefagleg vurdering

Innanfor den delen av planområdet som ligg på Lindås prestegard sin eigedom er det berre kjent eit fåtal kulturminne. Her er eit SEFRAK-registrert våningshus, ein jordkjellar og ein ruin av ei løe. Det er uvisst om sistnemnte framleis finst. Jordkjellaren er ein imponerande bygning, men ligg i dag delvis ute av sin opphavlege kontekst, då han er omkransa av vegar på tre sider. Det er likevel eit viktig lokalhistorisk kulturminne, som må takast vare på.

Elles ligg sikringssona til den automatisk freda mellomalderkyrkjegarden Askeladden ID 84309 like innanfor plangrensa. Mot nord og aust er det bevart gamal kyrkjegardmur i tillegg til ein oppmuring. Alderen på denne delen av kyrkjegardsmuren er uviss, men truleg eldre enn resten av muren som går rundt kyrkja, og kanskje frå mellomalder. For tiltak innanfor den automatisk freda sikringssona, må ein ha dispensasjon frå kulturminnelova.

4.2 Tjukkhetla (gnr. 118)

Garden Tjukkhetla ligg midt i Lindås sokn, med Rossnes i nord og nordvest, Kolås i aust, Lindås prestegard i sør og Tjukkhetlevatnet i vest (Skogseth 2009). Namnet Tjukkhetla kjem av forstavinga *tjukk*, og siste leddet kjem av gammalnorsk *hesli*, som tyder «hassel» (tre). Gardsnamnet tyder såleis «ein stad der det er tjukt av hasseltre». Framleis veks det mykje hassel på garden.

Garden låg truleg aude etter Svartedauden. Første brukar som er kjent er nemnd midt på 1500-talet. Garden var kyrkjegods som låg til Lindås prestebord, og presten bygsla vekk garden som ein del av løna si. Garden kom i hendene på bøndene i 1830-åra. Tjukkhetla er rekna som ein middels stor gard. Det var utskifting her i 1868, men dei fleste husa vart ståande som før. Garden har tre hovudbruk, og nokre utskilde bustadtomter i seinare tid.




Figur 5. Kulturlandskapet på Tjukkhetla (Foto: Atle Jenssen, Statens vegvesen).

Arkeologiske kulturminne

Det er ingen kjente førhistoriske kulturminne på garden, men det er gjort eit lausfunn av ein *steinøks* her. Øksen, som no er tapt, var truleg tverregga, med spiss nakke og brei egg. Han vart funne 80 cm djupt i ein myr på flata 80-90 meter vest for stova på bruk nr. 3.

Potensialvurdering

Lausfunnet av steinøksa indikerer eit visst potensiale for funn av automatisk freda kulturminne på garden.



Figur 6. Kart som viser den delen av planområdet som ligg på Tjukketla (gnr. 118).



Figur 7. Nyare tids kulturminne på Tjukketla. Frå venstre til høgre: eldre kommunal veg, oppmura bekkefar og steingard aust for fylkesvegen (Foto: Atle Jenssen, Statens vegvesen).

Nyare tids kulturminne

På garden er det fleire eldre bygningar, kor nokre av dei er SEFRAK-registrerte. På bruk nr. 1 er det eit *våningshus* frå 1884 og eit *uthus* frå 1870. Våningshuset er SEFRAK-registrert.

På bruk nr. 2 skal det vere eit *våningshus* frå 1954 og eit *uthus* frå 1840, men i fylgje SEFRAK-registeret skal *våningshuset* vere frå før 1850 (meldepliktig). Mogleg at dette er feil, og at det er uthuset som har vore SEFRAK-registrert her.

Også på bruk nr. 3 er det fleire eldre bygningar. *Våningshuset* skal vere bygd i 1825, og det same skal *stabburet* vere, medan eit *uthus* skal vere frå 1950. Berre våningshuset er SEFRAK-registrert.

På det første kommunestyremøtet for Lindås i 1938 vart det gjort vedtak om bygging av veg frå Lindås kyrkje til botnen av Rossnesvågen. Dette var den første kommunale vegen i heile Hordaland. Seinare vart vegen del av hovudvegen (noverande Fv. 57). Restar av denne eldste *kommunale vegen* er bevart på gnr. 118/2, på vestsida av dagens fylkesveg. Vegen er i dag delvis overgrodd og dekt av gras, men er likevel tydeleg i terrenget. To av dei gamle stabbesteinane er bevart. Denne vegen er eit viktig lokalt og til dels òg regionalt kulturminne.

Ved utlaupet av Tjukketlevatnet er det ein oppmura *stemme*. Denne vil ikkje verte råka av dette tiltaket, men truleg ved eit seinare tidspunkt, i samband med oppdemminga av vatnet for bruk som industrivatn til Mongstad.

Kulturlandskapet

Innmarka, frå fylkesvegen og vestover til Tjukketlevatnet, består av ope og velhalde kulturlandskap, og kor store delar av steingardane mellom gardsbruka framleis er bevart.

Bekken som renn inn i Tjukketlevatnet frå aust, er oppmura på begge sider på strekninga frå austsida av fylkesvegen og austover (på gnr. 118/2).

Kulturminnefagleg vurdering

Tjukketla er eit meir eller mindre intakt og uforstyrra gardsmiljø, kor mykje av den gamle gardsstrukturen er bevart. Det einaste forstyrrende elementet i kulturmiljøet, er fylkesvegen som delar garden frå sør til nord. Fleire av dei eldre gardsbygningane er bevart, i tillegg til at dei meir moderne bygningane er bygd på ein slik måte at dei i liten grad bryt med den eldre byggjeskikken.

Langs grensene mellom bruka er mange av dei gamle bøgardane bevart, og somme stader finn ein òg restar av enno eldre steingardar. Desse er truleg frå før utskiftinga, då dei ikkje føl moderne grenser.

Ved tiltak i området bør ein forsøke å gjere minst mogleg skade på kulturminna her. Til dømes må brot av steingardar gjerast på ein skånsam måte, og i så liten grad som mogleg.

Den eldre kommunale vegen bør ein forsøke å ta vare på mest mogleg uforstyrra. Skulle ein finne det naudsynt å nytte vegen på nokon som helst måte, må ein syte for at breidda vert ivaretatt og at stabbesteinane vert ståande. Vegdekket bør vere likt det originale.



Figur 8. Stemme ved utløpet av Tjukketlevatnet (Foto: Atle Jenssen, Statens vegvesen).

4.3 Rossnes (gnr. 117)

Rossnes ligg litt nord i Lindås sokn, omkransa av Gjerdsvågen og Rossnesvågen i vest og nordvest, med Syslok i sørvest, Tjukketlevatnet og Tjukketla i søraust og sør, Kolås og Sundsbø i aust og Tvibergneset i nord (Skogseth 2009).

Forstavinga i gardsnamnet kjem av det gamalnorske *hross*, som tyder «hest». Gardsnamnet tyder altså «Hestenes», eit nes som i byrjinga kanskje vart nytta som beite for hestar. Rossnes er nemnd i skriftlege kjelder så tidleg som i 1282, i samband med at garden vart selt frå Mariakyrkja i Bergen til Munkeliv kloster. Ut frå dei skriftlege kjeldene kan det virke som om garden framleis var i drift etter Svartedauden (1349).

Arkeologiske kulturminne


Det er ingen kjende førhistoriske kulturminne på garden, men på gnr. 117/6 har det vore gjort eit lausfunn av ein tverregga *trinnøks* frå steinalder (B11532). Øksa vart funne under jordbryting i Kalvetræet, som ligg om lag 200 meter søraust for nordenden på Rossnesvatnet, og snautt 10 moh.

I tillegg vart det i 1890 funne ein *steindolk* aust-nord aust for våningshuset på gnr. 117/5 og 10 meter frå sjøen.

Elles skal det vere ein *heller* med oppmuring 10 meter frå sjøen i «Nørrvikje», og tilsvarande i «Mjelkevika». Ingen av desse ligg innanfor planområdet.



Figur 9. Kulturlandskap på Rossnes (gnr. 117/5) (Foto: Atle Jenssen, Statens vegvesen).



Figur 10. Kart som viser den delen av planområdet som ligg på Rossnes (gnr. 117).



Figur 11. Gjerdvågstraumen. Det var ikkje mogleg å sjå spor etter eldre bru her, anna enn nokre restar i vegfyllinga på sørsida av straumen (Foto: Atle Jenssen, Statens vegvesen).

Potensialvurdering

Funn av steinøks og steindolk på garden indikerer aktivitet i området i steinalder, og dermed også at det er potensial for funn av automatisk freda kulturminne her. Også topografien til området indikerer potensiale for funn av slike kulturminne fleire stader.

Nyare tids kulturminne

Det er svært få SEFRAK-registrerte bygningar på garden, noko som kan tyde på mangelfull registrering.

I *Norske gardsbruk* frå 1964 er det skildra fleire eldre bygningar på bruka her, men det er uvisst kor mange av dei som framleis finst. Til dømes var det på bruk nr. 1 registrert eit *våningshus* frå 1904, eit *vedhus* frå 1936 og eit *uthus* frå 1939, medan det på bruk nr. 2 var registrert eit *våningshus* frå 1875, eit *uthus* frå 1894, eit *vedhus* frå det same året, samt ei *smie* frå 1930.

På bruk nr. 3 skal det ha vore eit *våningshus* frå 1902 og eit *uthus* frå 1954. På bruk nr. 4 skal både *våningshuset* og eit *uthus* vere frå 1924, medan *hønsehuset* skal vere frå 1945. Vidare er det på bruk nr. 5 registrert to *våningshus*; eitt bygd i 1949 og eit anna som vart ombygd i 1950, og som difor truleg kan vere ein god del eldre. På bruket er det i tillegg registrert ein *driftsbygning* frå 1960, og eit *uthus* som vart ombygd i 1906, og som difor truleg kan vere ganske gamalt. På bruk nr. 6 er det *våningshus* bygd i 1899 og *uthus* frå 1956. Her er *våningshuset* SEFRAK-registrert.